

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt	FE-014	19/16

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2019	Valstyret	PS	19.03.2019

### Førehandsrøysting kommuneval 2019

#### Forslag til vedtak:

I Modalen kommune skal førehandsrøystinga føregå på Kommunehuset (formannskapsrommet) frå kl. 10.00 – 14.00 på arbeidsdagar.

Det vert halde ope den siste laurdagen før valet (7. september) frå kl 11.00 – kl 14.00.

Som røystemottakarar ved førehandsrøysting, ambulerande røysting og røysting på sjukeheimen vert oppnemnd tilsette i administrasjonen .

Sekretæren for valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunktet for røysting på Modalstunet i samråd med styrar.

Førehandsrøysting på Modalstunet og ambulerande røysting vert organisert og kunngjort av sekretæren for valstyret.

#### Saksopplysningar:

Den ordinære førehandsrøystinga startar 10. august. I tillegg kan veljarar som ikkje kan røysta i perioden for førehandsrøysting eller på valdagen, venda seg til kommunen og få avgje røyst frå 1. juli og fram til førehandsrøystinga startar 10. august.

Det er valstyret som fastset kor det skal vere mottak av førehandsrøyster, men det er eit lovfesta krav at det skal haldast førehandsrøysting på helse- og sosialinstitusjonar. Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan røyste der det blir halde førehansrøysting, kan etter søknad til valstyret førehandsrøyste der dei held til (ambulerande røysting).

Sekretæren for valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunktet for røysting på Modalstunet i samråd med styrar. Likeeins må tidspunktet for ambulerande røysting tilpassast når ein har oversikt over

søknadane.

## Røystemottakar

Det følger av vallova § 8-2 (1) bokstav a, at det er valstyret som oppnemner røystemottakarane innanriks. Valstyret må nemne opp så mange røystemottakarar som er naudsynt for å gjennomføre førehandsrøystinga på ein tilfredstillande måte. Ved all førehandsrøysting skal det vere minst to røystemottakarar til stades jfr. vallova § 8-1 (5).

## **Valstyret - 009/2019**

### **VS - behandling:**

Samrøystes vedteke

### **VS - vedtak:**

I Modalen kommune skal førehandsrøystinga føregå på Kommunehuset (formannskapsrommet) frå kl. 10.00 – 14.00 på arbeidsdagar.

Det vert halde ope den siste laurdagen før valet (7. september) frå kl 11.00 – kl 14.00.

Som røystemottakarar ved førehandsrøysting, ambulerande røysting og røysting på sjukeheimen vert oppnemnd tilsette i administrasjonen valt: : Anneli V. Lilletvedt, Eva Stamnes, Aina Norvoll, Sissel Hindenes, Ove Sæbø, Jo Tømmerbakke, Magne Verpelstad, Kjell Langeland og Tone S. Skuggevik.

Sekretæren for valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunktet for røysting på Modalstunet i samråd med styrar.

Førehandsrøysting på Modalstunet og ambulerande røysting vert organisert og kunngjort av sekretæren for valstyret.